



NIBIO POP



NIBIO
NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

VOL. 2 - NR. 1 - JANUAR 2016

Myr i Noreg

Yngve Rekdal, Michael Angeloff og Anders Bryn

Myr er ein viktig naturtype med eit særeige artsmangfald. Myrene er viktige for flomregulering, og dei utgjør eit stort karbonlager. I Noreg er myrarealet 28 300 km² og utgjør 9 % av landarealet. Dette viser tal frå prosjektet «Arealrekneskap for utmark» som no er presentert for heile landet. I tillegg til myr kjem 9 400 km² anna forsumpa areal i form av sumpskog, som er 3 % av landarealet. Samla forsumpa areal utgjør da 12 %.

Metode

Materialet er samla inn i samband med etablering av eit nasjonalt arealrekneskap for utmark. Eit nett av 1 080 utvalsflater som kvar er 0,9 km², er lagt ut med 18 kilometer mellom kvar flate. Flatene er vegetasjonskartlagt etter instruks for vegetasjonskartlegging på oversiktsnivå. Dette gjev data for heile landet, men også på fylkesnivå for dei fleste fylka.

Myr er i denne undersøkinga definert som areal dominert av myrplanter i overflata, og har torv i underliggende substrat. Det er ikkje stilt krav til torvdjup, men som regel er det djupare enn 30 cm. Myrene er igjen delt inn i fire kategoriar etter dannelsesmåte, næringsgrad og bereevna til myrflata.

Resultat

Samla myrareal er 28 300 km² som utgjør 9 % av landarealet. Dei nye tala viser at det er mykje meir myr i Noreg enn det som kjem fram frå den topografiske kartserien N50. Det er stor variasjon mellom fylka. Trøndelagsfylka er myrfylka, 18 % av Sør-Trøndelag er myr og 17 % av Nord-Trøndelag. Sjølv om nedbøren er høg, så fører topografien til at er lite myr i Vestlandsfylka. Hordaland har minst med 3 %. Minst myr er det likevel i dei fire Oslofjordfylka der denne naturtypen samla utgjør berre kring 1 % av arealet. I Nord-Noreg utgjør myr 12 % av arealet i Finnmark, og 5 % i både Troms og Nordland

Vegetasjonstype	Under skoggrensa		Over skoggrensa		Totalt	
	km ²	%	km ²	%	km ²	%
Rismyr	6 004	3,2	1 643	1,2	7 646	2,4
Bjønnskjeppmyr	1 808	1,0	562	0,4	2 370	0,7
Grasmyr	10 792	5,8	6 692	4,9	17 485	5,4
Blautmyr	695	0,4	123	0,1	818	0,2
Sum	19 299	10,4	9 020	6,6	28 319	8,7

Rismyr, også kalla nedbørsmyr, utgjer 27 % av myrarealet. Denne myrtypen har artsfattig og nøysam vegetasjon som klarar seg med den næringa som blir tilført med nedbøren. Dei typiske *rismyrene* finst i flatt eller svakt skrånande terreng. Meir eller mindre tuvedanning er vanleg og dei er ofte djupe, men over skoggrensa vil ikkje torvlaget bli så tjukt. Vegetasjonen er artsfattig og dominert av nøysame artar som *røsslyng*, *krekleng*, *blokkebær*, *kvitlyng*, *molte*, *bjønnskjegg*, *torvull* og *dvergbjørk*. Botnsjiktet består av ei tett matte av torvmosar som gjer miljøet surt for andre artar, og gjev sein nedbryting av plantematerialet.



Bjønnskjeggmyr utgjer 8 % av myrarealet. Dette er artsfattig og næringsfattig myr oftast totalt dominert av bjønnskjegg, men torvull og sveltstorr kan også vera dominerande artar. I botnen finst torvmosar. Desse myrene har ikkje tuvedanning og er oftast flate med ei meir eller mindre fast myrmatte.



Grasmyr utgjer 62 % av myrarealet. Her har plantene kontakt med jordvatnet og storr- og grasartar dominerer. Utforminga av vegetasjonsdekket vil vera påverka av kor høgt vatnet står, kor fort vatnet strøymer og mengd av nærings salt oppløyst i vatnet. Grasmyrene har vidt spenn i næringsgradient og artsutval, og blir dominert av lite til moderat næringskrevande artar. På kalkrik berggrunn kan desse myrene bli veldig artsrike. Botnsjiktet er dominert av torvmosar i fattige utformingar og brunmosar i rikmyrer.



Blautmyr utgjer 3 % av myrarealet. Dette er djup myr med dårleg bereevne. Artsutvalet er avgrensa til nokre få halvgras og urter, ofte med ei tett matte av torvmosar. Åpne parti med dy og vasspyttar er vanleg, og dei har oftast stor torvdjupne.

